

Trimma forma til 17.mai.

22.04.2017



Nokre av musikarane i Uskedal skulemusikk med dirigent Tor Skeie Olsen i rødt.

Det er berre vel 3 veker til nasjonaldagen. I helga hadde dei viktigaste aktørane her i bygda på denne dagen, Uskedal skulemusikk, eit miniseminar. Det er dei som siste åra har sytt for at vi opplever feiande marsjtonar, og dermed skikkeleg 17.mai stemning, i folketoget.

Uskedal skulemusikk er samansett av ein positiv og aktiv gjeng. Dei markerer seg positivt på mange felt.

- Det er så mange aktivitetar for tida, og derfor har vi denne gongen landa på denne varianten som vi kan kalla eit miniseminar, fortel den travle dirigenten Tor Skeie Olsen oss mellom to nummer. Dei hadde ei øvingsøkt fredag kveld og fortsette så laurdag føremiddag. Det er tydeleg at det er flinke musikarar i korpset no, for marsjen eg høyrdet då eg var innom, svinga skikkeleg med god trøkk der dei stod oppstilt i marsjformasjon.

I tillegg til svært effektiv øving, var det også pausar. Dei var fylt med noko godt. Fredag kveld hadde dei fått servert taco, fekk eg vita, og etter at eg hadde vore der venta det muffins i pausen.

Etter øvinga skulle nokre hasta vidare til nye aktivitetar. Då venta både baroniløp og fotball for nokre av dei.

Tor Skeie Olsen fortalte at dei i hovusak øvde på 17.mai-stoff, men det brukte også litt tid på sjørøvarmusikk. Den kan publikum glede seg til å høre heilt i slutten av sesongen.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland.